



Ann Irene Sæle har søkt sektorleiarstilling.

I samband med omorganiseringa i Kvinnherad kommune skal det tilsetjast tre sektorleiarar som vil utgjera toppleiinga i kommunen saman med rådmannen. Desse stillingane har vore utlyste, og det var kome inn til saman 20 søknader på dei 3 stillingane då søknadsfristen gjekk ut 13.juni. Tre av desse søkjarane er frå Uskedalen.

Dei tre stillingane blir sektorleiar for teknikk og miljø, sektorleiar for omsorg, helse og sosial og sektorleiar for oppvekst og kultur.

Ann Irene Sæle (46 år) her frå Uskedalen har søkt stillinga som Sektorleiar for oppvekst og kultur. Det er til saman 5 søkjarar, og dei 4 andre er: Sindre Rødne Dueland (31) - Bergen, Anna Lena Flatland (44) - Oslo, Anne Sofie Bjelland Kjeka (57) - Arnavik og Tommy-René Stordal (30) - Strandebarm.



[Geir Enes har søkt sektorleiarstilling](#)

Ein annan uskedeling, Geir Enes (44) har søkt stillinga som Sektorleiar for teknikk og miljø. Til denne stillinga er det 9 søkjarar, og dei 8 andre søkjarane er: Kurt Ove Fjellandsbø (44) - Sunde, Agata Gulatowska-Lisboa (26) - Hatlestrand, Einar Johnsen Moss (35) - Herøysundet, Grete Nesheim (49) - Rosendal, Line Sundal (34) - Dimmelsvik, Øystein Tofte (50) - Sæbøvik og Sigbjørn Øye (53) - Seimsfoss. Éin søkjar, ein mann på 38 år, har fått namnet unnateke det offentlege.

Mona Enes(52) frå Uskedalen har søkt stillinga som Sektorleiar for omsorg, helse og sosial saman med Inger Helen Hjelmeland (45) - Seimsfoss, Sigurd Næss (57) - Sæbøvik, Åge Olsen (38) - Bryne, Anne Tangen Rørdal (55) - Husnes og Bjørg Wangensten (62) - Valen.

Tilsetjingsdatoen er 1.september.



[Mona Enes har søkt sektorleiarstilling.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland